

Nesten kø på jordet!

03.01.2010



Løypa til Tormod har vorte ein ständig større suksess gjennom jule- og nyttårshelga. Særleg var mange ute og mosjonerte i dag - sundag - etterat temperaturen hadde gått opp med fleire grader - faktisk heilt opp til minus 4!

Ved middagstider rekna uskedalen.no meir enn 20 i løypa på ein gong og fleire av dei fortalte at dei hadde de vore på tur i løypa kvar einaste dag i det siste. Og alle var fulle av ros om løypemakaren og grunneigarane.

(Foto: Ola Matti Mathisen)